

ULLENSVANG

Velkommen!

Folkemøte - Skule- og barnehage- struktur

Odda kino 1.oktober
2025



ULLENSVANG Program:

Tid	Tema	Ansvarleg
1800-1815	Velkomen	Ordførar
1815-1845	Bakgrunn - dei store linjene	Rådmann
1845-1900	Kommuneøkonomi	Øk.sjef
1900-1915	Skule- og barnehagebygg	Kommunalsjef TM
1915-1945	Elevtalsutvikling - kvalitet i skule og barnehage. Rekruttering, og bemanning	Kommunalsjef OU
1945-2000	Spørsmål Vidare prosess og vel heim	Ordførar

Politisk vedtak juni 2025

Tidslinje for arbeidet med skulestrukturplan

Vedtaket:

1.
 - a. Ein representant frå kvart politiske parti i kommunestyret vert vald til å sitje i referansegruppa beståande av 8 personar.
 - b. Administrasjonen set saman ei arbeidsgruppa med kommunalsjef for oppvekst og utdanning som leiar
2. Kommunestyret vedtek framdriftsplan for prosess og involvering, med desse endringane: Referansegruppa og arbeidsgruppe skal gå i dialog med innbyggjarane i prosessen, for å sikre betre involvering. Endeleg forslag til skulestruktur vert ikkje lagt fram før andre kvartal 2026.
3. Kommunestyret vedtek at desse områda skal gjerast greie for i planen:
 - ei fullstendig oversikt over tal på skuleelever fram til skuleåret 2030-2031
 - ei oversikt over no-situasjonen og behov ved den enkelte skule
 - ei oversikt over gjeldande skulekrinsgrenser og problemstillingar i høve dette
 - ei skildring om mogleg framtidig skulestruktur og innsparing
 - ein skal sjå på barnehagestruktur, moglegheit for oppvekstsenter og SFO-tilbodet parallelt med skulestrukturplanen.

ULLENSVANG

Korleis er kommuneøkonomien fordelt?

Drift

Renter
og
avdrag



Investering



- Rammetilskot
- Skatt
- Gebyr/avgift

- Lån
- Eigne midler

ULLENSVANG



Ordfører Voss herad
Tonje Såkvitne

Avisa Hordaland 5.mai 2025

Investeringsbudsjett:

Dette budsjettet handlar om langsiktige investeringar som kommunen gjer for å utvikla og forbetra infrastrukturen. Det kan vera bygging av nye skular, vegar, eller idrettsanlegg.

Pengane som vert brukt her, er ofte store summar som kjem frå lån eller spesifikke tilskot.

Driftsbudsjett:

Dette budsjettet dekkjer dei daglege utgiftene til kommunen, som løn til tilsette, vedlikehald av bygningar, og andre løypande kostnader.

Pengane som vert brukt her, kjem frå kommunen sine faste inntekter, som skattar og avgifter.

Kvifor ein ikkje kan bruka eingongsinntekter til drift:

Eingongsinntekter, som til dømes sal av eigedom eller tilskot til spesifikke prosjekt, kan ikkje brukast til drift fordi dei ikkje er stabile og faste inntekter. Drift krev at kommunen har sikre inntekter som kjem regelmessig, slik at dei kan planleggja og dekkja dei løypande kostnadene over tid. Difor er det ikkje lov å føra pengar ifrå investeringsbudsjettet over til driftsbudsjettet.

ULLENSVÅNG

Kva utfordrer oss no i kommunen og AS Norge?

- Synkande barnetal
- Auke “yngrebølga”, sterkt aukande kostnader
- Sterkt aukande tal eldre dei neste 10 åra
- Rekruttering fagpersonell
- Tilgong på arbeidskraft

***Vi må bu oss på ressursforskyving og
ein meir krevjande arbeidmarknad!***

Befolkningen i Norge

Andel 20-66 år:

55%

(61% i 2022)

2050

Andel <20 år:

20%


(23% i 2022)

Befolkningen i Norge: + 604 000
67 år og eldre: + 595 000

Andel >66 år:

24%

(16% i 2022)



I dag:



3,8

I yrkesaktiv
alder per
person 67+




2050:



2,3

I yrkesaktiv
alder per
person 67+



// NAV

«Yrkesaktiv alder» = 20 til 66 år. Hovedalternativet i befolkningsfremskrivningen 2022. Kilde: SSB

ULLENSVANG

Kommuneøkonomi

Kommunen sine inntekter

Ullensvang har frie inntekter 951 mnok (2025)

I tillegg andre inntekter, ma. kraftinntekter, eigedomskatt, havbruksfond

Totalt rammetilskudd

487 669 000 kr

Slik beregnes det samlede rammetilskuddet:

Innbyggertilskudd før omfordeling

346 324 393 kr

Omfordeling:

Utgiftsutjevning **)

69 129 458 kr

Korreksjonsordningen for elever i statlige og private skoler

8 558 308 kr

Tilskudd med særskilt fordeling

54 733 000 kr

Inntektsgarantiordningen


8 924 238 kr

+

Anslag skatteinntekter

463 766 962 kr


Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev (B)



	2021	2022	2023	2024
Ullensvang	140 964,6	144 177,4	161 578,9	181 631,4
Kostragruppe 08	124 141,8	128 685,1	140 487,4	147 150,5
Landet uten Oslo	108 140,2	113 283,3	124 600,6	130 018,8

Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).



	2021	2022	2023	2024
Ullensvang	109,1	106,4	111,6	115,1
Kostragruppe 08	99,0	96,2	102,1	97,8
Landet uten Oslo	99,3	96,8	101,2	97,5

Rapportering 2. kvartal 2025

Verksemd	Rev. bud hiå. 2025	Rekneskap hiå. 2025	Avvik hiå.	Rev. bud. 2025	Siste prognose inkl. løn	Avvik prognose i kr
Sum	222 088	235 806	-13 718	398 337	415 472	-17 135

Kommentar til status økonomi

Meirforbruk skuldast vikarbruk i nokre verksemdar som overskrider den summen som ligg på den enkelte sitt budsjett. Vikarpostane er beskjedne, og står i ikkje i forhold til behovet for å drifte verksemdene i oppvekstsektoren i Ullensvang kommune. Grunna vikarmangel nyttar ein vikarar på huset. Dette er dyre vikarar som genererer overtid og utløyser avspasering, noko som igjen gjev vikarutgifter. Dette vert ein vond sirkel som og påverker kostnad for pensjon og arbeidsgivaravgift, som aukar det negative avviket i sektoren.

ULLENSVANG

2026

Auke i frie inntekter: **27,7** mnok

Lønsvekst oppvekst og utdanning: **35** mnok

ULLENSVANG

Ullensvang kommune i 2035:

Aldringen av befolkningen treffer sentrale og mindre sentrale strøk. I over halvparten av kommunene er det ventet befolkningsnedgang i yrkesaktiv alder. Dette vil blant annet gjøre det vanskelig å rekruttere kompetent arbeidskraft i distriktene, men også rekruttering til Nav.

Ved inngangen til 2025 bor det 10 981 personer i Ullensvang kommune. Fram mot 2035 er det ventet at befolkningen blir redusert til 10 512 personer. Av disse blir det...



238 færre barn og unge




557 færre i yrkesaktiv alder (20 - 66 år)



326 flere eldre (67 år og oppover)


Demografiutvikling

Figur 1. Befolkningsvekst i Ullensvang kommune, sammenlignet med gjennomsnittet i fylket, og Kvam kommune. Prosent.



ULLENSVANG

13600: Framskrevet folkeemngde 1. januar, etter år. Hovedalternativet (MMMM), Ullensvang, 6-15 år.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Hvorfor omstille?

Utfordringsbildet oppsummert for Ullensvang – på mellomlang og lang sikt (5-15 år)



1. Større utjevning i inntektssystemet – mindre inntekter til Ullensvang (?)
2. Bortfall av inndelingstilskuddet (44 mill)
3. Fallende folketall gir reduserte inntekter (35 mill)
4. Staten forutsetter at det flyttes store ressurser fra oppvekst for å finansiere vekstbehovet i helse og omsorg (40 mill)
5. Høy gjeldsgrad (mål pr innbygger) hvis inntektene skulle gå ned
6. Høyere vekst enn landet i kostnadsutviklingen på de sentrale tjenesteområdene siste 4 år (7%)
7. Betydelig økt kamp om arbeidskraften i hele landet – vil gi økte kostnader

Endring utgiftsbehov

4618 ULLENSVANG

Anslag årlig endring i kommunens utgiftsbehov (i 1000 kroner) per tjenesteområde som følge av befolkningsendringer

(2025 kroner og endring fra 1.1.2025)

Endring utgiftsbehov per 1.1.	Pleie- og omsorg	Grunnskole	Barnehage	Sosial	Kommunehelse	Barnevern	SUM ULLENSVANG
2026	6 819	-11 487	-817	-441	138	-540	-6 329
2027	1 565	-4 752	-817	-404	-107	-584	-5 099
2028	8 917	-5 315	-2 723	-271	51	-381	279
2029	7 248	-5 076	272	-714	-173	-555	1 002
2030	6 164	-1 538	-817	-318	-113	-279	3 099
2031	7 225	-1 875	1 906	-659	107	-253	6 451
2032	66	-1 287	1 089	-494	247	-239	-618
2033	4 000	1 517	272	-868	302	-210	5 014
2034	7 366	592	272	-356	101	-215	7 761
2035	11 562	3 606	0	-629	-5	-286	14 247
Sum 2026-2035	60 930	-25 615	-1 361	-5 154	548	-3 541	25 808

Omstillingsarbeidet i 2024

Oppsummering i omstillingsnotat:

- *Ullensvang kommune står overfor store utfordringer.*
- *Det er et stort omstillingspotensial i Ullensvang kommune.*

- *KSKs vurdering er at det høye utgiftsnivået i Ullensvang i stor grad henger sammen med at strukturene og organiseringen fra de gamle kommunene langt på vei er videreført i den nye kommunen.*

Folkemøte - Skule- og barnehagebygg

Randi Karin Habbestad,
Kommunalsjef for Teknikk
og miljø



ULLENSVANG

Byggdrift Ullensvang kommune

- 27 tilsette i byggdrift.
- Drift og vedlikeholdsansvar for ca 100 000 m2 kommunal bygningsmasse med økonomisk ansvar.
- Utfører drift og vedlikehold for ca 450 kommunale leiligheter/omsorgsboliger. Egedoms avdeling har økonomisk ansvar.
- Byggdrift har årlig totalbudsjett på ca 40 mil inkludert lønnsmidler.

Strategi

- Eit viktig element i strategien til kommunen er at perspektivet er langsiktig og skal bidra til at fellesskapet sine verdier vert sikra gjennom god forvaltning og strategisk utvikling.
- Jobbe systematisk med verdibevarande vedlikehald og målretta utvikling for å hindre vedlikehaldsetterslep
- Demografisk utvikling, teknologisk utvikling, klima og miljø, økonomisk utvikling, framtidig endra brukarbehov og forventningar er faktorar som påverkar den langsiktige planlegginga av dei kommunale bygga

Situasjonen i dag

- Kommunen eig **svært mange formålsbygg** (skular, barnehagar, institusjonar, kulturbygg, idrett, administrasjon).
- Me er ein samanslått kommune, men me driftar fortsatt som tre kommunar, ingen strukturendringar.
- **10 grunnskular og 13 barnehagar.**
- Bygga krev mykje drift, energi og vedlikehald.
- Vi brukar **lite pengar på vedlikehald** - risiko for forfall.

Hovudutfordringar

- **Sterkt synkende elevtal** – færre elevar og barnehageborn i åra framover.
- **Økonomisk press** – vi må frigjere ressursar til tenestene, det er behov for å kvitte seg med areal.
- Vi må sjå på korleis vi kan drifte meir berekraftig framover.

Konsekvensar om vi ikkje gjer noko


- Aukande vedlikehaldsetterslep.
- Mindre pengar til kvalitet i skule og barnehage.
- Usikkerheit for born, foreldre og tilsette.
- Kommunen blir mindre robust økonomisk.

Kvifor vi må ta grep?


- Vi må ha bygg som står i stil med **framtida sitt behov**.
- Vi må sikre **gode og trygge læringsmiljø** – i staden for å bruke pengar på å varme opp tomme klasserom.
- Vi må sikre ein **rettferdig fordeling** av ressursane.

ULLENSVANG

Andel areal per tilstandsgrad




Figur 3-1 Andel areal per tilstandsgrad (avrundet), for Ullensvang kommune.



Figur 3-2 Andel areal per tilstandsgrad (avrundet), alle sammenlignbare porteføljer samlet.


ULLENSVANG Byggeår



Figur 3-3: Vektet tilstand for bygningsmassen, fordelt på areal og byggeperiode.

ULLENSVANG

Estimert teknisk oppgraderingsbehov,
skular og barnehage ca 400 mill



Figur 4-1: Samlet oppgraderingsbehov per bygningstype.

ULLENSVANG

Vekta teknisk tilstand oppgraderingsbehov

Bygningstype	Areal	Alder	Antall TG 3 komponenter	Vekst TG	Oppgraderingsbehov pr BTA
15 Bygning for boteiesskap	5 871	22		1,08	5 100
21 Industribygning	1 590	45	2	1,46	3 500
31 Kontorbygning	13 282	53	30	1,77	10 400
32 Forretningsbygning	559	45		1,72	10 900
61 Skolebygning	8 720	48	10	1,40	8 900
612 Barnehage	7 358	38	8	1,26	5 100
613 Barneskole	17 567	69	12	1,48	9 900
614 Ungdomsskole	8 021	56	4	1,84	14 100
615 Grunnskole	600	22		1,00	0
65 Idrettsbygning	8 765	72	2	1,21	6 500
66 Kulturhus	2 302	34		1,31	5 700
72 Sykehjem	12 930	42	6	1,42	10 700
73 Primærhelsetilbygning	2 684	13	1	0,16	300
82 Beredskapsbygning	4 432	30	5	1,37	5 600
Total	94 680	45	80	1,41	8 600

Verdibeverande vedlikehald

- Talet 284 kr/m²/år blir ofte brukt som eit normtal for verdibeverande vedlikehald på kommunale bygg i Noreg. Det svarar til om lag 1–1,5 % av gjenanskaffingsverdien, og kjem frå mellom anna KS og fagmiljø som Multiconsult/Sintef.
- For eit bygg på 1 000 m² bør ein setje av ca. 284 000 kr/år til vedlikehald for å hindre forfall.
- Dette nivået blir kalla verdibeverande, fordi bygga då i prinsippet kan halde sin verdi og funksjon over tid. Ligg ein under dette nivået, taper bygga verdi og det blir vedlikehaldsetterslep.

ULLENSVANG

Budsjett for vedlikehald av bygg i Ullensvang kommune

- 80 kr pr kvm
- 284 kr/m²/år blir ofte brukt som eit normtal for verdibeverande vedlikehald på kommunale bygg i Noreg.
- Me manglar 200 kr pr kvm for å kunne ha verdibeverande vedlikehald, for å oppretthalde verdi og funksjon over tid. Vi ligg godt under dette nivået, noko som gjer at bygga taper verdi
- Me har 95.000 kvm og skulle hatt 27 mill til vedlikehald, vi har små summar i forhold til dette

Barnehagebygg – aldring og oppgraderingsbehov

- Dei fleste bygga er gamle
- Høg alder = ofte størst oppgraderingsbehov
- Mange bygg opphavleg bygd til andre formål, seinare omgjort til barnehage
- Redusert eignaheit i høve til dagens krav og forventningar
- Større investeringar blir ofte gjort i nybygg – betre eigna på sikt

ULLENSVANG

Samlet kostnader skulebygg 2024

- Kostnader omhandler 10 stk skuler
- Medtatt drift og vedlikehold
- Energi
- Egedomsgebyr
- Lønn

Tot kostnad : Kr 14 651 794,-

ULLENSVANG

Samlet kostnad barnehager 2024

- Kostnader omhandler 13 stk barnehager.
- Medtatt drift og vedlikehold
- Energi
- Egedomsgebyr
- Lønn

Tot kostnad: Kr 4 635 478,-

ULLENSVANG

Konklusjon:

Iht tilstandsanalyser og fremtidig vedlikeholdsplan for bygg tilseier det følgende:

- Det er ikkje midler til å vedlikeholde dagens bygningsmasse iht dagens nivå/standar.
- Vedlikeholdsbehov blir større pr år, kun utført nødvendig vedlikehold.
- Generelt gammel bygningsmassen med dårlig vedlikehold (etterslep)
- Dårligere forhold for tilsatte og brukere.
- Mulighet for effektivisere/nytenking for bygningsmassen?

Avslutning

- Vi har **for mange bygg og for få elevar og for få barnehagebarn**
- Vi har for mange dårlege skular, vi kan ikkje oppgradere alle skulane grunna økonomien
- Vi må fordele pengane klokt – på innhald og kvalitet.
- Vi må ha ei meir berekraftig drift framover

ULLENSVANG

Mogleg veg vidare

- Redusere talet på skular og barnehagar.
- Samle fleire born på færre, men betre bygg.
- Prioritere vedlikehald og oppgradering der det er størst behov.
- Planleggje langsiktig

ULLENSVANG

Sektoren oppvekst og utdanning

- 10 grunnskular
- 2 vaksenopplæringar
- 13 barnehagar
- Hardanger interkommunale barnevern
- Helsestasjontenesta
- PPT og logopedkontoret



*Det er **barnets beste** som er det overordnede prinsippet som må ligge til grunn i alt utviklings- og omstillingsarbeid.*

ULLENSVANG Vedteken planstrategi 2024-2028


FAGPLANAR OPPVEKST

Oppvekstsplan	2026-2031
Strategidokument digitalisering i barnehage og skule.	
Skulestrukturplan	2025-2029
Barnehagestrukturplan	2025-2029
Kommunedelplan for barn og unge	
ROS oppvekst	
Kompetanseplan - oppvekst	2025-2030
Plan for lese og skrive opplæring i UK	2025-2030
Plan for godkjenning av barnehagar 2023 - 2026	2023-2026
Plan for tilsyn med og rettleiing av barnehagar 2022-2026	2022-2026
Plan for fremmedspråklige	2024- 2025
Plan for nærvær i skulen	2025-2030

Funn frå arbeid i sektoren ut i frå det politiske vedtaket om omstilling:

Fylgjande punkt vert framheva av prosjektgruppa saman med KS (kommunesektorens organisasjon og utviklingspartner)-konsulent

- Redusera tal verksemder for å behalda og utvikla kompetanse og kvalitet for barna og tilsette
- Bærekraft, beholda og rekruttera personale
- Bærekraftig økonomi i framtida med redusert tilgang til personalressursar
- Tilpassa tenester til brukargruppa - tal barn no og i framtida
- Moderne og oppdaterte bygg som er tilrettelagt for god opplæring.



ULLENSVANG

Mangel på kompetanse ,turnover og intern kannibalisme

Tabell 4.1: Nåsituasjonen og fremtidsbilde, Oppvekst og utdanning.

Tema	Nåsituasjonen	Fremtidsbilde
Fagkompetanse	Mangel på kvalifiserte barnehagelærere, spesialpedagoger, og pedagogisk personale. Ulike dispensasjoner fra pedagognormen.	Økt rekruttering gjennom støtte til videreutdanning og samarbeid med utdanningsinstitusjoner. Målet er å oppfylle pedagognormen og redusere bruk av dispensasjoner.
Små enheter	Mange små skoler og barnehager gjør det vanskelig å skape sterke fagmiljøer og effektiv ressursbruk. Dette fører til høyere kostnader per elev/barn.	Sammenslåing av enheter for å skape større profesjonsfellesskap. Bedre ressursutnyttelse og økt kompetanse hos ansatte.

- Mangel på kompetanse og søkjarar på ledige stillingar
- I oppvekstsektoren: pr. august 148 personar fordelt på 116,1 årsverk 55 år eller eldre. Døme; På Odda barneskole gjeld dette 18 lærarar.

ULLENSVANG

Søkjarar på ledige stillingar tilbake til juni

Tittel	Slutt	Vis.	Søknader
100% stilling som avdelingsleiar ved Jondal skule	21.09.2025	444	1
100% stilling som lærar ved Opedal skule	21.09.2025	337	3
100% stilling som lærar ved Odda ungdomsskole	21.09.2025	403	5
100% stilling som lærar ved Odda barneskole	21.09.2025	361	3
100% stilling som lærar ved Kinsarvik skule	21.09.2025	366	2
100% stilling som lærar ved Jondal skole	21.09.2025	359	3
100% vikariat som lærar / miljørettleiar ved OppMot læringssenter	14.09.2025	429	1
100% vikariat som barne- og ungdomsarbeidar / assistent ved Kinsarvik barnehage	14.09.2025	490	2
80% stilling som barnehagelærer / spesialpedagog i Røldal barnehage	13.09.2025	439	
2 stillingar à 100% som barne- og ungdomsarbeidar ved Rabben barnehage	31.08.2025	285	2
80% stilling som barnehagelærer / spesialpedagog i Røldal barnehage	10.08.2025	462	1
2 stillingar à 100% som barne- og ungdomsarbeidar i Rabben barnehage	03.08.2025	618	3
100% vikariat som barnehagelærer ved Jondal barnehage	19.08.2025	291	2
100% vikariat som lærar ved Hauso skule	15.07.2025	354	2
100% stilling som lærar ved Kinsarvik skule	15.08.2025	736	1
40% mellombels stilling som barne- og ungdomsarbeidar ved Eidesåsen friluftsbarnehage	04.08.2025	649	3
100% vikariat som barne- og ungdomsarbeidar / assistent ved Jondal barnehage	06.07.2025	170	5
100% prosjektleiar for utvikling av psykisk helseteam for barn og unge ved Ullensvang helsestasjon	06.07.2025	270	5
80% vikariat som barne- og ungdomsarbeidar ved Kinsarvik barnehage	21.07.2025	248	3
100% vikariat som barnehagelærer ved Kinsarvik barnehage	21.07.2025	253	3
Ledige stillingar som barne- og ungdomsarbeidar ved Sekse barnehage, SFO	29.06.2025	184	5
100% stilling som fagarbeidar ved Odda barneskole - SFO	29.06.2025	221	1
Ledige vikariat som barnehagelærer i Jondal barnehage	04.07.2025	318	3
60% vikariat som lærar ved Hauso skule	29.06.2025	228	3

ULLENSVANG Bemanning, rekruttering og kompetanse

- Barnehagelærarar på dispensasjon. Konsekvensen av dette?

PEDAGOGNORM

Karakter: **1.9**

**Andel kommunale barnehager som oppfyller
pedagognormen**

%: **23.1**

I 2018 innførte regjeringen nye utdanningskrav til personalet i barnehager. Andelen kommunale barnehager som oppfyller pedagognormen, uten dispensasjoner, var i fjor på 61.77 prosent. I Ullensvang oppfyller 23.10 prosent av de kommunale barnehagene pedagognormen (uten dispensasjon), ifølge tall fra Utdanningsdirektoratet.

ULLENSVANG Kommunebarometeret

UTDANNING

Karakter: **2.9**

Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn

%: **77.4**


Andelen lærere som oppfyller kompetansekravene i norsk, engelsk og matematikk har økt nasjonalt de siste årene. 83.60 prosent av norsklærerne, matematikklærerne og engelsklærerne oppfylte i 2022 kompetansekravene i barneskoletrinnet. I Ullensvang oppfyller 77.39 prosent dette kravet. En del lærere i barneskolen som underviser i norsk, engelsk og matematikk i kommunen mangler fordypning ifølge statistikken.

261

#1

ULLENSVANG Elevtalsutvikling

Elevtal Ullensvang kommune



ULLENSVÅNG

Elevtall folkeregistrert per 18.9.2025

SKULEÅR	2025-2026	2026-2027	2027-2028	2028-2029	2029-2030	2030-2031	Nedgang 5 år per skule	Nedgang i prosent
Hauso barne- og ungdomsskule	61	63	63	57	55	53	-8	-13,11
Jondal skule	132	130	124	122	119	112	-20	-15,15
Kinsarvik skule	166	152	150	138	137	140	-26	-15,66
Odda barneskule	294	285	285	277	276	286	-8	-2,72
Odda ungdomsskule	203	203	185	185	170	157	-46	-22,66
Opedal skule	106	101	103	97	90	85	-21	-19,81
Røldal skule	49	46	43	41	38	35	-14	-28,57
Skare Barneskule	35	31	28	24	23	27	-8	-22,86
Tyssedal barneskule	44	43	41	43	43	38	-6	-13,64
Vikebygd skule	34	30	32	37	38	35	1	2,94
Totalt	1124	1084	1054	1021	989	968	-156	-13,88
Endring		-40	-30	-33	-32	-21		